

## KULTURARVPLAN - HANDLINGSDEL 2019-2022

PRIORITERING OG TILTAKSBESKRIVING	ÅRLEG KOSTNAD	ANSVAR OG SAMARBEIDSPARTAR
<p>1.</p> <p>Vestnes kommunestyre kan nytte kulturarvplanbehandlinga i 2018, til å kome i gang med slutføring av bygdebokarbeidet allereie frå 2019. Slutføring av gards- og slektshistoria vil mellom anna, sikre kulturarv frå sentrale embedsgardar i Vestnes kommune.</p> <p><b>Forslag:</b> Kr.250.000 årleg i økonomiplanperioden</p>	250.000	Vestnes kommune
<p>2.</p> <p>Vestnes kommunestyre kan nytte kulturarvplanbehandlinga i 2018, til å auke den offentlege ressursbruken innan fotobevaring/digitalisering.</p> <p><b>Forslag:</b> Kr.50.000 årleg i økonomiplanperioden</p>	50.000	Vestnes kommune Vestnes Sogelag IKA – Fylkesfotoarkivet Private eigarar
<p>3.</p> <p>Vestnes kommunestyre kan nytte kulturarvplanbehandlinga i 2018 til å øyremerke offentlege ressursar for å auke kulturarvinnssatsen innan undervisning/formidling og reiseliv/næring. Kommunen bør sørge for årleg registrering av lokale kulturminne og kulturmiljø som ikkje er godt nok dokumentert i offentlege databasar.</p> <p><b>Forslag:</b> Kr.30.000 årleg i økonomiplanperioden.</p>	30.000	Private eigarar Frivillige Vestnes kommune
<p>4.</p> <p>Vestnes kommunestyre kan nytte kulturarvplanbehandlinga i 2018 til ei generell, auka satsing på lokalhistorisk kulturvernarbeid i åra framover. Politisk kan ein vurdere satsinga gjennom kvart årsbudsjett. Mellom anna ved å skaffe seg oversyn og kunnskap om kva overordna kulturvernmyndigheter vil prioritere øyremerke ressursar til. Slik kan Vestnes kommune også styre sine øyremerka ressursar mot same innsatsområde. Noko som vil gi «tredobbel effekt» ved at både stat, region og kommune satsar likt. Lokalt vil dette kunne gi engasjement og effekt, både innan undervisning, formidling og reiseliv/næring.</p> <p><b>Forslag:</b> Ei dynamisk vurdering gjennom fri post på kvart årsbudsjett. (Kr.70.000)</p> <p><b>Forslag for 2019:</b> Øyremerke kr.50.000 av denne budsjettposten som kommunal eigenandel med tanke på å rehabilitera/rydde/vøle den tidligare prestegardshagen.</p>	70.000	Private eigarar Frivillige Vestnes kommune Fylkeskonservator Riksantikvar